



Verdal, 06.05.22

## Høyringsfråsegn til «Detaljregulering Ørin sør II - del av 277/1 m.m.» - Verdal Kommune

**Naturvernforbundet ønsker å få ein stopp på ei stadig nedbygging av natur, å fortsette slik det er blitt gjort på Ørin dei siste åra er ikkje forsvarleg om ein skal ha noko som kan kallast nærnatur for neste generasjon. Me vil i forbindelse med høyringa komme med nokre synspunkt og informasjon som ikkje har blitt framlagt i saka.**

Fættaskogen har i mange år vore ein naturleg avgrensing mellom næringsområda og jordbruksområda sørover, det har også vore eit godt opphaldsareal for dyr som treng næring og skjul frå predatorar og menneskjer. Slike områder blir det dessverre ikkje fleire av, så ein må verne om dei ein har.

### Ny kunnskap må få plass.

Det har etter kartlegginga til Norconsult blitt registrert ein viktig naturtype som grensar til planområdet, naturtypen er Kalk- og lågurtfuruskog og er ein trua naturtype som har ein sentral økosystemfunksjon. Tilstanden ble vurdert som «svært redusert» fordi det var ungskog, men den kjem til å kunne fylle ein viktig økologisk funksjon med tanke på plassering i tida framover. NIN id for området er: NINFP2110033438. Området vart kartlagt den 20.7.2021 på oppdrag for Miljødirektoratet.

Området vart i 2008 regulert til Industriområde, men med ny kunnskap så bør ein sjå på dette området i samband med Ørin Sør II, og få omregulert området slik at naturområdet blir sikra for framtida. Dette passar fint med Norconsults si tilråding om skadereduserande tiltak, slik at skogpartiet i vest i planområdet kan bevarast. Dette vil fungere som ein korridor frå Kalk- og lågurtfuruskogen til skogsområda i sør.

### Manglar i kartlegging av området.

Det er som Norconsult påpeikar i vurderinga av naturmangfaldet knytt usikkerheit til funna og registreringane som er gjort utanfor vekstsesong, me i Naturvernforbundet i Trøndelag og Verdal ser derfor at ein må ta nye synfaringar og kartleggingar på eit tidlegare tidspunkt i sesongen som kan supplere den som vart gjort den 14.10.2020. At ein har supplerande kartleggingar er spesielt viktig med tanke på skogområdets potensielle økologiske funksjon som ein del av influensområde for Rinnleiret naturreservat. Med ny kunnskap om tilgrensande område med Kalk- og lågurtfuruskog så legg det sterkare føringar for kva utgreiingar ein må ta for å ha tilstrekkeleg kunnskap.

At det i kapittel 4 i Vurderinga av naturmangfald frå Norconsult blir påpeika at det blir knytt usikkerheit når det kjem til funn og registreringar av raudlista planteartar då

synfaring av felt kunn vart utført i slutten av oktober. Når det så blir konkludert med at planområdet reknast som godt kartlagt, og at det samla sett blir vurdert til at kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg for å greie ut tiltakets konsekvensar for naturmangfald, så blir ikkje naturverdiar vektlagt i den grad det skal. Skog i området har vore under hardt press over mange år og det er viktig å ta vare på den skogen me har, det kan ikkje fattast vedtak på å gjere om skogsområde til industri utan at ein veit kva verdiar som finnes der. Utfyllande kartleggingar er derfor naudsynt om skal ein ha noko grunnlag for å vurdere området.

### Skogen som økologisk funksjonsområde.

«Øyer» med skog som fungerer som skjul, er viktig for korleis forskjellige artar kan bevege seg frå eit område til eit anna, ved å miste slike funksjoner i området rundt Rinnleiret naturreservat så vil det påverke i kva grad ein oppnår formålet til naturreservatet. Formål som blant anna er å bevare eit rikt fugle- og dyreliv. Det er og ein plass der dyr som har kome inn i utbygd område kan få ro og tid til å samle seg. Når ein ser på Flyfoto frå dei siste 20 åra, så ser ein korleis skogen i området stadig har blitt prioritert vekk. Når skal ein sette strek og sei nok er nok, slik at ein får bevart dei viktige funksjonane som skogen i området bidrar med.

### Potensielle ulemper som følgje av avbøtande tiltak.

Det blir i detaljreguleringa foreslått avbøtande tiltak med grønstruktur som skal bevare fragment av skogparti for å oppretthalde ein forbindelse mellom grøntområde og Rinnleiret naturreservat. Det blir foreslått å ha stadeige vegetasjonsbelte mellom bedrifter som etablerast i området.

Slike områder som kan fungere som korridorar mellom skogsområde kan også fungere som «Økologiske feller» der artar kan overvurdere området som habitat og komme dårleg ut av det med tanke på overleving og reproduksjon. For at eit habitat skal kunne fungere best mogleg treng ein større områder enn det blir lagt opp til. Når det blir lagt opp til ein grønstruktur i sør og vest for å dempe inntrykket frå dei store bygga så kan det ha uønskte konsekvensar for dyrelivet. Dette har ikkje blitt belyst i konsekvensar for naturmangfaldet, og som ein del av influensområdet til Rinnleiret naturreservat vil det få konsekvensar for oppfylling av formålet med reservatet.

### Potensiale for fortetting og omstrukturingsmoglegheiter på Ørin.

Verdal kommune har seinast i fjor foreslått å kartlegge fortettingspotensiale og moglegheiter for omstrukturering i si fråsegn og vedtak ang. «Regional plan for arealbruk i Trøndelag». Der etterspør Verdal kommune bistand til eit moglegheitstudie for å kartlegge fortettingspotensiale og eventuell omstrukturering innanfor eksisterande næringsområde på Ørin. Dette er noko me i Naturvernforbundet er positive til, og dei areala me allereie har omdisponert, bør bli betre utnytta.

### Avsluttande ord.

Me i Naturvernforbundet i Verdal og Trøndelag ser at ein må først sjå på dei areala ein har, før ein bygg ned areal som det er mangelvare på i området. Det er ikkje framtidsretta eller forsvarleg å bygge ned meir i dette området.

**Med vennlig hilsen**

**Naturvernforbundet i Verdal**

Ronny Valstad Holberg, leder

**Naturvernforbundet i Trøndelag**

  
Magne Vågsland, leder